


Kyrkjelydsblad for Arna



NR. 1

JANUAR 1988

21. ÅRG.



Det nye Takvam kapell tek form. Biskop Per Lønning vigslar kapellet 5. juni og biskop Thor With vil halda festtale.

GODT NYTT ÅR

GUDS GÅVE

Joh. 4,5-26.

Vi les i denne teksten at Jesus var på veg til Gallilea. Han måtte gå gjennom Samaria. Der kom han til ein brønn. Han var tørst og tørst. Då kom det ei samaritansk kvinne og skulle hente vatn frå bronnen. Jesus seier til henne: «Lat meg få drikka».


«Korleis har det seg at du som er jøde ber meg ei samaritansk kvinne om drikke?» (v. 9). Ho undra seg over at han som var jøde tala til henne som var samaritansk. Jesus gjer ikkje forskjell. For han var denne kvinnen eit verdfullt menneske. Han tala til henne om Guds gave. Det var seg sjølv han tala om. Det levande vatn som gir evig liv hadde han å gi.

Vi ser vidare i teksten at Jesus visste kva liv denne kvinnen levde. Han såg at ho sökte å stilla «tørsten» på gal måte. Ho vart berre tørst igjen. Det var difor så om å gjera for Jesus å få gi henne eit nytt liv. (v. 17-18).

Så ser vi kva Jesus lærde kvinnen om bønn. «Gud er ånd, dei som tilber han må tilbe i ånd og sanning». Jesus gav seg tid til denne kvinnen. Ho visste at Messias skulle koma og ho fekk høyra desse veldige orda frå Messias sjølv: «Det er eg, eg som tala med deg». (v. 26).

For ein dag det vart for henne. Ho hadde møtt ein som viste om-sorg, sjølv om han visste alt om henne. Dette hadde ho nok aldri opplevd før. Vi kan alle få ta til på nytt. Om vårt liv har vore rotete og vi sjølv ikkje veit korleis vi skal få orden på det, kan vi be han om hjelp. Det er viktig for oss å gi oss tid så Jesus får tala gjennom ordet, då kan trua fødast og haldast levande i oss.

*Jesus kom til jorda ned.
Han skulle bringa verda fred.
Ein tung veg han måtte gå
for å frelsa alle små
som ei si synd kan bera.
Han vil vi æra.*



Kontingent 1988

Ved dette nummeret har vi lagt ein postgiroblankett der ein kan betala kontingenget for 1988. Den kan også betala last over bankgiro 8440.12.01856.

Kontingenget er frivillig og er sett til kr 30., pr. år. Vi vil gjerne nå ut til alle husstandane med bladet, og skal vi kunna makta det, treng vi ei god innbetaling av kontingenget. Det er sjølv sagt høve til å betala meir enn kr. 30.- også.

Økonomien for Kyrkjelydsbladet er slik at rekneskapen balanserer. Men for å få til det, har vi mått sløyfa eit nummer dette året. Om det skal koma ut slik det no gjer, treng vi midlar. Vi vonar difor at mange betalar kontingenget og gjerne gje ei gáve til bladet også.

Bladet vert delt ut av frivillige bladberarar, og vi vil at det skal nå ut til alle. Om du ikkje får bladet, vil vi gjerne ha melding om det til kyrkjekontora, tlf. 24 04 00 eller 24 85 46, for at vi kan prova å retta på det. Dei som ikkje bur i Arna vil få bladet i posten, dersom kontingenget er betalt.

Bladet vert og lese inn på ein kassett for blinde og svaksynte. Det er nr 6 som gjer seg nytte av dette tilboden. Er det fleire som kunne vera interessert i ei slik ordning, vil vi gjerne ha melding om det til eit av kyrkjekontora. Det vil ikkje kosta noko ekstra for dei det gjeld. Kassettane vert sendt i posar som kan returnerast utan portoutlegg i posten når ein er ferdig med kassetten.

ISRAELSKVELDAR

Torsdag: 28. januar kl. 19.00.

Tema: Litt om Jerusalem:

- I dag
- På Jesu tid
- Davidsbyen

Tirsdag 1. mars kl. 19.00.

Tema: Litt om religion og daglegliv i Israel.

Møtestad: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Kyrkjelydshuset ligg rett bak kyrkja i Ytre Arna. Det går Åsane-buss frå Arna stasjon kl. 18.30 med retur frå Ytre Arna kl. 21.10.

Innleiingane vert ved res.kap. Harald Sundsbø. Samlingane er kome i stand som eit tilbod til dei som skal vera med på rundreisa til Israel 16.-28. mars 1988, der han skal vera reiseleiar. Men desse kveldane er opne for alle interesserte, og ein ser gjerne at andre enn turdeltakrar vert med.

Framleis er det og plass på gruppe-reisa til Israel. Vil ein vita meir om det, kan ein kontakta Ytre Arna prestekontor tlf. 24 85 46, Harald Sundsbø 24 13 25 eller reisebyrået, Fokus Reiser tlf. 042 26 921.

I den seinare tida har det kome meldingar frå Israel om uro mellom palestinske demonstrantar og Israelske soldatar på Vestbredden. I desse områda er det ein vanskeleg politisk situasjon, og denne turen er ikkje lagt til nokon av dei stadene på Vestbredden eller Gaza der det har vore uro. Med omsyn til turen vil ein sjølv sagt og høyra på råd frå dei som kjenner tilhøva.

Fellesmøte i kyrkjene 31. januar

Arna kyrkje

Bibeldagen søndag den 31. januar kl. 19.30 vert det også dette året fellesmøte i Arna kyrkje. Denne gongen er det domprost Nils Monstad som talar. Det er Pinsemenigheten Salem, Den frie evangeliske forsamling Betel, Arna misjonsmenighet og Arna kyrkjelyd som står bak dette fellesmøtet.

Ytre Arna kyrkje

På Bibeldagen søndag 31. januar vert det fellesmøte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. Evangelist Øystein Rong talar og det vert song og musikk og offer til Bibelmisjonen. Dette er eit fellesarrangement mellom pinsemenigheten Betania, soknerådet og Indremisjonen.



Ofringar på Trengereid

I det faste oversynet over ofringane i kyrkjelydane har vi ikkje teke med det som kom inn ved gudstenestene på Trengereid. Her kjem difor eit oversyn over heile 1987.

22/ 2: IKO	611,-
22/ 3: Israelsmisj.	700,-
16/ 4: Fastebøsser	932,-
19/ 4: Santalmisj.	892,-
26/ 4: Kyrkjelydsarb.	1256,-
17/ 5: Arna søndagssk.lag	965,-
7/ 6: Menighetsfak.	687,-
26/ 7: Kalfarkollekt.	675,-
27/ 9: Søndagssk.kretsen	1149,-
18/10: Norsk Lærarakad.	1374,-
24/12: Kirkens Nødhj.	1480,-
26/12: Misjonsselsk.	790,-

Arna Barnekantori tel no 36 medlemmar. Det er born frå første klasse og oppover, og dei øver i Arna kyrkje kvar onsdag kl. 17.00. Leiar er organist Asbjørn Flåm og saman med seg har han eit styre av foreldre til borna. På julekonserten den 13. framførde dei «Den store kongen» og mange i kyrkja kunne då sjå og høyra resultatet av arbeidet. På den konserten brukte medlemmane for første gong korkappene sine. Det var ei gruppe foreldre som hadde gjort ein stor innsats for å sy dei ferdige, og fine var dei!

For våren er det lagt opp program med opptrerden på ulike arrangement i Arna kyrkje og andre stader. Det er også planlagt tur til Naustdal. Er det fleire born frå 1. klasse og oppover som vil vera med, seier organisten at det er plass for 4 til.



Arna barnekantori i dei nye kappene sine.

OASE midt på vinteren

«Herren fornyer sitt folk.»


Under dette frimodige motto samles vi til felles Oase-samling for hele Hordaland i Landås kirke i Bergen 19.—21. februar 1988. I komiteen som forbereder helgen, er følgende med: Trygve Danielsen, Rolf Helen Iversen, Per Fimreite, Eivind Helllevik, Reidar Paulsen, Ragnhild Vihovde Kaldestad, Knut Inge Røen, Martha Aga, Ingvor Kristensen, Tor H. Nilsen og Audun Aase.

Helgen er delt i to hoveddeler: først et lederseminar «for prester, forkynnere og medarbeidere i kirke og organisasjon» fredag og lørdag formiddag; dernest åpen Oase for alle fra lørdag ettermiddag.

Som talere kommer Tormod Engelsviken, lektor ved Menighetsfakultetet, Kjell Petter Dahl, leder for Sjelersorghjemmet i Oslo og Jens Petter Jørgensen som er daglig leder for Oase.

Sang- og musikkrefreter er hentet lokalt: Anne Hilde og Arve Reigstad, Magni Stoveland, Marianne Juvik, Ruth Bakke, Knut Inge Røen, Ragnhild Vihovde Kaldestad og Ungdomskoret «Logos».

A være en kristen er å leve i stadig fornyelse av det liv vi har fått fra Gud gjennom dåp og tro. Derfor trenger vi igjen og igjen å bli møtt av Ham som har kalt oss til dette livet. Bare Han kan vekke på ny det som holder på å dø, og bare Han kan fylle sin rikdom der livet holder på å gå tomt. Derfor er dette vår bønn og vår forventning at mange nettopp denne helgen skal få er-



Sogneprest Audun Aase ønsker kirkefolk velkommen til Bergen.

fare fornyelse av troen med prestekontorene og organisasjonskontorene, eller i kirken og på bedehusene.

Programfoldere med påmeldningsblankett er å få på

Sett av helgen, og få gjerne andre med deg!

«Herren fornyer sitt folk»

Oase-helg i Landås kirke 19.—21. februar 1988.

Program:

1. lederseminaret.

Fredag kl. 10.00: «Trenger dagens predikanter/medarbeidere en ny erfaring av Den Hellige Ånd?» Del I. V/Tormod Engelsviken. Gruppessamtale.

Fredag kl. 15.30: Samme tema og taler. Del II. Spørsmål og samtale.

Fredag kl. 19.30: «Tenn på ny den nådegave som er i deg!» V/Kjell Petter Dahl. Samtale. Forbønn.

Lørdag kl. 10.00: «Fornyelsen inn i menigheten.» Flere innledere.

2. Den åpne Oasen.

Lørdag kl. 15.00: «Herren fornyer sitt folk.» V/Jens Petter Jørgensen.

Lørdag kl. 19.30: «Han la i min munn en ny sang.» V/Kjell Petter Dahl. Bibel- og lov sangskveld.

Søndag kl. 11.00: Gudstj. Landås. Predikant: Jens Petter Jørgensen. Nattverd. Offer til lokalt Oase-arbeid. Gudstj. i Stortreit v/Kjell Petter Dahl.

Søndag kl. 15.00: «Evangelisering i ånd og kraft.» V/Tormod Engelsviken. Forbønnssamling.

Kirkens SOS for alle

— Kirkens SOS er ikke en kontakttelefon for de som kjeder seg. Vi står i første rekke til tjeneste for mennesker som sliter med problemer i livet, og som har et akutt behov for et medmenneske å snakke med, sier daglig leder av Kirkens SOS i Bergen, Greta Gramstad til menighetsbladet.

Tidlig i høst flyttet Kirkens SOS inn i helt nye lokaler sentralt i Bergen. I følge Gramstad er dette et stort økonomisk løft som Kirkens SOS håper alle menighetene i Bjørgvin bispedømme vil ta økonomisk ansvar for.

— Kirkens SOS er nemlig ikke bare for de som bor i Bergen. Den er et tilbud for hele bispedømmet. Stattikkene forteller også at behovet for Kirkens SOS bare øker. Ifor kom det over 4.000 telefon-samtaler fra enkeltmennesker som trengte hjelp i en vanskelig livssituasjon. Men Kirkens SOS er ingen behandlings-institusjon. Derimot kan vi lytte og hjelpe så langt råd er via telefon. Man må heller ikke slite med spesielt kristelige problemer for å slå telefonnummer (05) 23 30 80 mellom klokken 19 om kvelden og 07 om morgenen. De som sitter på vakt møter hele registeret av menneskelige og sosiale problemer — alt fra ensomhet via ekteskapsproblemer og selvmordstanker til russmiddelmis bruk, sier Greta Gramstad.

— Hvilken hjelp kan dere gi?

— Telefonen er bemannet av kristne medmennesker, svært ofte prester. Vår oppgave er først og fremst å lytte og gjennom samtale hjelpe i en akutt og vanskelig situasjon. Ofte er en slik samtale et godt skritt videre for de som har det vanskelig, og svært mange av samtalene skjer anonymt.

Kirkens SOS er en selvstendig institusjon. Men bak tjenesten står alle menighetene i Bergen domprosti, Den evangelisk lutherske Frikirke og en rekke kristne organisasjoner. Gramstad forteller at Kirkens SOS trenger flere frivillige medarbeidere over 22

KIRKENS SOS

VIL UTVIDE ÅPNINGSTIDEN

Vi søker derfor etter nye frivillige medarbeidere til telefonvakt på dagtid og/eller kvelds- og nattetid.
Innføringskurs starter i januar.

Du må være mellom 22 og 70 år, personlig kristen og medlem av Den Norske Kirke eller Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

Ring oss snarest.
Telefon 23 30 80 mellom kl. 11-14.

Barneblad i gave

Mange klagar over at borna får mykje negativ påverknad gjennom massemmedia. Du kan motverke det med å gje borna eit abonnement på eit barneblad: KOM OG SE (Misjonsselskapet, postboks 226, 4001 Stavanger), NYE GLIMT (Santalmisjonen, postboks 6886, St. Olavs plass, 0130 Oslo 1), BLÅVEISEN (Norsk Luthersk Misjonssamband, Grensen 19, 0159 Oslo 1), NORSK SØNDAGSSKOLEBLAD (Norsk Søndagsskole forbund, Hedmarksgate 15, 0658 Oslo 6).

TENÅRINGSBLADER: NY HORIZONT (Postboks 226, 4001 Stavanger) og UNGDOM OG TIDEN (Grensen 19, 0159 Oslo 1).

Eldretreff på Flatane

Eldretreffa i Trygdebygustaden på Flatane i Ytre Arna tek til att fredag 22. januar kl. 17.00. Då vert det samlingar vidare kvar 14. dag. Alle eldre er velkomne til å vera med.

Katastrofeleiar Arvid Ofstad i Kirkens Nødhjelp:

Ein må vere uthaldande

Tekst: Inger-Torunn Sjøtrø

Arvid Ofstad har arbeidd i Kirkens Nødhjelp i over 25 år. Og det er ikkje få katastrofar der han har vore med på å formidle hjelp. Han var engasjert i hjelpearbeid i Etiopia i 1973/74 og i 1984/85. Korleis reagerer han når det igjen kjem meldingar om hungersnaud i store område i dette landet? Blir han aldri freista til å gi opp?

— Når ein som eg har arbeidd med naudhjelp i mange år, har ein også måttå lære at det er heilt nødvendig å vere uthaldande. Dei problema som land i Afrika, Asia og Latin-Amerika slit med er så vanskelege at dei ikkje let seg løyse over natta.

— Det er viktig å ha klart for seg at det ikkje er alle område i Etiopia som er like sterkt ramma. I dei områda i sør der vi har vore mest involverte, fall det brukbart med nedbør i den siste regntida. Det var også nok så lett å få tak i såkorn, hakker og oksar.

— Men kva med meldingane om hungerkatastrofe?

— Dei gjeld svoltlommer i sør, dessutan områda i nord. Dette er område som er svært utsette når det gjeld endringar av nedbør og temperatur. Og det siste året har det kome mindre regn enn det som trengst for at avlingane skal bli store nok til å gi folk det dei treng.

— Dette er også område som er omfatta av den pågående borgarkriga mellom Etiopia og Eritrea. Ein krig som har vart i 25 år og som gjer det vanskeleg for folk å drive med jordbruk. Her har Kirkens

Nødhjelp i fleire år drive eit omfattande hjelpearbeid. I år tek vi sikte på å formidle hjelp for meir enn 20 mill kroner inn til Eritrea og Tigray.



Ei av dei mange eritreiske mødrane som har fått hjelp til å hjelpe den vesle dottera si.

I kyrkjene i Arna kom det julaftan inn tilslaman kr. 16.565 til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i offer. Med neste nummer av Kyrkjelydsbladet vil vi senda fastebøssene.

NYTT FRÅ Kyrkjelydane



Døypte

Arna sokn:

- 29.11.: Siv Kristin Evensen, Anders Vatle, Daniel Sæle, Daniel Sunde Knudsen.
27.12.: Kristina Søderberg, Helene Mæland, Kim-André Lothe Eide..
03.01.: Renate Steinestø Worren, døypt i Ytre Arna kyrkje.

Ytre Arna sokn:

- 13.12.: Morten Alfredsen, døypt i Lykling.
25.12.: René Sæle Rønhovde.



Vigde

Arna sokn:

- 28.11.: Bjørn Rune Kvammen og Gunnhild Rannveig Gjøringbø, vigde i Kvammen kapell, Askvoll.
30.12.: Bjørn Ove Lindvik og Bente Steine.

Ytre Arna sokn:

- 05.12.: Steinar Kjærland og Astrid Gravdal.



Døde

Arna sokn:

- 24.11.: Hedvig Oline Vevle, f. 1910.
30.11.: Margit Rolland, f. 1898.
06.12.: Olav Hærnes, f. 1911.
07.12.: Einar Solberg, f. 1920.
17.12.: Nils Borge, f. 1905.
19.12.: Nilla Larsine Norland, f. 1895.
20.12.: Johanna Unneland, f. 1898.

Ofringane i kyrkjelydane

Arna sokn:

1987:			
29.11.:	Kyrkjelydshuset	kr. 4103,-	
06.12.:	Den indre sjømannsmisjon	kr. 1142,-	
13.12.:	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1764,-	
20.12.:	Menighetsseminariene i Norge	kr. 999,-	
	Kirkens Nødhjelp	kr. 10465,-	
	Diakoniutvalet i Arna	kr. 4975,-	
	Norske Misjonsselskap	kr. 6991,-	
	Kyrkjelydshuset	kr. 1368,-	
	Landslaget for kristen skole	kr. 1582,-	
1988:			
01.01.:	Menighetsfakultetet	kr. 1119,-	
02.01.:	Muhammedanermisjonen	kr. 1913,-	

Ytre Arna sokn:

1987:			
30.11.:	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1295,-	
06.12.:	Kristent arb. blant innvandrere	kr. 304,-	
13.12.:	Norges kristelige ungdomsforbund	kr. 725,-	
24.12.:	Kirkens Nødhjelp	kr. 6100,-	
25.12.:	Det norske misjons-selskap	kr. 3.590,-	
1988:			
03.01.:	Misjon bak jernteppet	kr. 804,-	

Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna: 7.2., 14.2., 28.2., 13.3., 27.3.
Ytre Arna: 24.1., 7.2., 14.2., 21.2., 6.3., 13.3., 20.3.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

Presten har ordet

Harald Sundsbø



Etterjulstankar

Første året eg feira jul i Ytre Arna, måtte eg mest klypa meg i armen då eg høyrd hornmusikk ute 1. juledag om morgonen kl. 07.00. Det ingen hadde fortalt var at Arne Musikforening i mange år har gått rundt og spelt julesongar akkurat på denne tida. Seinare har eg jo blitt kjent med tradisjonen, og sett stor pris på å høyra: Eit barn er født i Betlehem, Glade jul, Eg synger julekvad eller andre kjende julesongar grytidleg om morgonen juledagen.

Det er det nok mange andre som også set pris på, og denne jula har Arne Musikforening gjort dette i 75 år! Det må vel seiast å vera eit særmerkt innslag som vel knapt finst andre stader, og medlemmene i Arne Musikforening fortener all ære og takk for å ha teke vare på denne tradisjonen i all slags ver og temperaturar desse åra. Om det har vore kaldt og surt mange gonger, har tonane sikkert spreidd glede og varme til andre, vil eg tur.

Jul er jo tid for tradisjonar, og som vanleg har det vore mykje folk i kyrkjene i julehelga. Talet på kyrkjegjengalar ved gudstenestene julaftan minkar ikkje. Dette året var det rundt 1.900 samla ved 6 gudstenester i prestegjeldet denne ettermiddagen, og det er minst like mange som før. Dei fleste av desse er vaksne, sjølv om julaftan ofte vert framheva som borna sin gudstenestedag.

Eit slikt frammøte er gledeleg. Om det er ei særskilt stemning i kyrkja den dagen, vil eg tru at mange også

kjem for noko meir enn det. I alle høve er det med på å ramma inn ei høgtid med eit møte med han som kom som ei glede til alt folket.

Akkurat den dagen er det mange glade menneske å sjå i kyrkja, og eg trur og det er godt for oss alle å samla tankar om han som er «den sanne gledessol».

Kvar gudsteneste er og eigentleg eit møte mellom oss og Gud. Der er ikkje presten eller dei andre som medverkar hovudpersonar, men han som er nær i Ord og sakrament.

Ikkje alltid maktar vi å oppleva og formidla glede i gudstenesta like godt som julaftan. Likevel skulle det vera noko som fylgde med gjennom heile året ellers også. Ikkje ei glede som er påteken, men som kjem av eit møte med Jesus som Frelsaren og Gud som vår Far. Der me kjänner at eit slikt møte er noko som gjer godt og noko som gjev kraft og mot i møte med det daglege livet.

Lærer me å tenkja på gudstenesta som ein møtestad mellom oss og Gud, vert kanskje opplevinga rikare også.

Vi er inne i eit nytt år. Det har kome signal om at vi i bispedømet dette året skal ha eit «gudstenesteår», der målet er at fleire skal oppdaga gudstenesta på nytt. I tida som kjem kan vi difor vente meir om dette.

Årsmøte i kyrkjelydane

Ytre Arna

Søndag 21. februar kl. 17.00 innbyr soknerådet alle i Ytre Arna til årsfest i Kyrkjelydshuset. Der legg soknerådet fram årsmelding og rekneskap, og kyrkjeringen har trekning i utloddninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Kyrkjekoret syng og vi vonar mange vil vera med denne ettermiddagen. Det vert bevertning og andre programinnslag.

Arna

Arna sokneråd held årsmøte for Arna kyrkjelyd etter gudstenesta søndag den 14. februar. Den årlege årsfesten som soknerådet skipar til, vert i år søndag den 10. april.

Min kirkebok

til 4-åringar i Arna Menighet.

Den 7. februar vil det være familiegudstjeneste med utdeling av Min Kirkebok i Arna kirke.

Her vil 4-åringene få hver sin bok som heter «Min Kirkebok». Det er Institutt for Kristen Oppsæding som gir ut boka, og den er selvsagt å få både på bokmål og nynorsk.

«Min Kirkebok» er ment som en liten handsrekning til den kristne oppdragelsen i hjemmet. Den inneholder fortellinger, enkle sanger og bønner. Og passer til barn i 4-6 års alderen. Sangen kan om man ønsker det fås kjøpt på egen kassett.

Bak i boken finner man også en liste over bøker og kassetter med enkle barnesanger.

Mange har vel kanskje allerede fått et brev med en invitasjon til gudstjenesten. Dessverre gjelder ikke det alle fordi vi ikke har adressen til de 4-åringene som har flyttet til Arna først etter at de ble døpt.

Men uansett om dere har fått et brev eller ikke er dere selvfølgelig hjertelig velkommen til å få «Min Kirkebok» i Arna kirke søndag 7. februar kl. 11.00. Etter gudstjenesten blir det en kort samling med kaffe og saft. Og her er selvfølgelig dagens æresgjester med sin familie spesielt velkommen.

Erik Rodal

Kyrkjelydsveka 1988

Arna sokneråd har tatt initiativ til at det vert skipa til kyrkjelydsveka i Arna også i år fra søndag 13. til søndag den 20. mars. Kyrkjelydsveka vil få eit opplegg som liknar på det vi hadde i 1987 med lovsongkveld, bibeltimar, gudstenester, eldresamvær, korseminar for barnekor, barnekonser og ungdomskveld.

Vi kjem nærmare tilbake med detaljert program seinare og vonar at kyrkjelydsveka vil verte minst like vellykka som den vi hadde ifjor.

MØTE

Arna bedehus

- 14.1: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.
- 17.1: Misjonsfest.
- 20.1: Møte v/Israelsmisjonen
- 21.1: Nattverdsmøte kl. 19.30
- 24.1: Møte v/Hordalandaksjonen for livsrett og menneskeverd kl. 19.00.
- 28.1: Eldretreff kl. 17.00.
- 31.1: Familiekaffi v/Ungdomsnemnda.
- 4.2: Årsmøte for Indremisjonen.
- 7.2: Møte v/Tarald Ueland kl. 19.00. Musikklaget.
- 10.2: Møte v/Karmelinstituttet.
- 11.2: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.
- 14.2: Familiekaffi v/Barnerøster.
- 16.-
- 21.2: Møteveke v/Audun Hjellvik. Song og musikk på møta.
- 25.2: Eldretreff kl. 17.00.
- 28.2: Møte v/Morten Pedersen kl. 19.00.

Betania, Lone

- 17.1: Møte v/NLM
- 19.-
- 24.1: Finnmarksveke.
- 28.1: Årsmøte for Indremisjonen.
- 30.1: Ungdomskveld.
- 31.1: Møte v/BUF.
- 4.2: Årsmøte v/NLM.
- 6.2: Laurdagssamling kl. 16.00.
- 9.-
- 21.2: BUF-veke.
- 8.-
- 13.2: NMS-veke.

Ytre Arna bedehus

- 24.1: Møte v/Israelsmisjonen kl. 19.00.
- 28.1: Møte.
- 4.2: Møte.
- 11.2: Møte.
- 18.2: Møte v/Blå kors.
- 21.2: Årsfest Yngstè Røster.
- 23.-
- 28.2: Møteveke v/Indremisjonen.
- 6.3: Møte.
- 12.3: Årsmøte v/Santalmisjonen.

KYRKJESKYSS

Kyrkjesskyssen frå Haukeland/Espeland fungerar slik:

Desse kører:

- 24. jan.: Sverre Myklebust tlf. 24 29 05
- 31. jan.: Svein Mjelde tlf. 24 28 71
- 7. feb.: Ingrid Hope tlf. 24 08 08
- 14. feb.: Harald Røslund tlf. 24 08 70
- 21. feb.: Magne Mestad tlf. 24 00 14
- 28. feb.: Sverre Myklebust tlf. 24 29 05
- 6. mars: Svein Mjelde tlf. 24 28 71
- 13. mars: Ingrid Hope tlf. 24 08 08

Takk til Kjersti!

Kjersti Rydland har slutta som styrar i Arna Kyrkjelyd sin barnehage. Ho har flytta til Hamar og har teke til som førskulelærar der borte.

Arna kyrkjelyd vil takke henne for eit svært godt utført arbeid. Ho har lagt ned eit framifrå arbeid som styrar i barnehagen. Det har vore trygt og godt å ha henne som leiar av barnehagen og ho har skapt eit miljø rundt seg som har vore til glede både for born, foreldre og tilsette.

Arna kyrkjelyd takkar for vel utført arbeid og ynskjer henne lykke til på den nye arbeidsplassen.

Noverande avdelingsleiar Vigdis Moltu er konstituert som styrar fram til sommaren 1988.

Øyvind Øy

Kristenrussen 1988

Kristenrussen har kvart år eit misjonsprosjekt. I år skal vi gje vår støtte til DET NORSKE BIBELSEL-SKAP. Vi skal få vera med og hjelpe ungdomar i Tanzania. Målet er å tilby alle ungdomar, under 30 år, eit nytestamente, på sitt språk og til ein pris dei kan betala. 30.-31. januar kan DU få vera med og hjelpa. Då skal nemleg Kristenrussen ha aksjonshelg, og vi kjem til å ha ein stor bøsse-aksjon, som omfattar heile Horda-

land. Dersom nokon av dykk ikkje får høve til å gje si gave denne dagen, kan de senda bidraget dykkar direkte til prosjektet. Bankgiro: 5277.20.11 784 eller postgiro: 4 86 85 76.

Vi vonar at du vil vera med og gje di gave til dette viktige arbeidet! På førehand takk, TAKK FOR HJELPA! Kristenrussen i Hordaland v/Liv Kari Børnes aksjonsleiar.

11 kyrkjelyder i Canjar

Då Den norske Santalmisjon byrja arbeid i Canjar-dalen i Ecuador for 19 år sidan, blei dei møtt med steinkastning og stengde vegar. Framleis møter dei motstand frå ein og annan katolsk prest, men stort sett har misjonen fått stor tillit blant indianarane. Ikkje minst har misjonens helsearbeid hatt mykje å seie. I dag har Santalmisjonen også landbruksarbeid og ein radiostasjon i samarbeid med den lutherske kyrkja, som nå er skipa. Misjonsarbeidet har gjeve som resultat at det i dag er 11 kyrkjelydar i Canjar-dalen.

Bøker for tenåringar

Lunde Forlag har i år kome med tre aktuelle bøker for tenåringar. Den eine er boka TONY — fra kommandosoldat til Kristus-vitne, skrive av Asbjørn Kvalbein. Tony var ein gong ein bitter og hemlnysten kurder inn til han midt i krigen fekk møte Jesus. I boka SLIK BLE DE OMVENDT får vi høre om korleis personar som Blaise Pascal, C.S. Lewis, Dag Hammerskjöld, Egil A. Wyller og Annie Skau Berntsen blei omvendte. Redaktør for boka er Jens Olav Mæland. I heftet Er det sikkert at jeg er en kristen? (Av Øyvind Andersen og Kåre Ekroll) kan du få hjelp til å bli en kristen og få visse om at du er det.

Jonas eller Jona, skjerv eller øre

Bibelen gjekk til topps i fjor som den mest selde bok i landet. Ei ny bibelordbok er komen og har gjort det lettare å finne fram til ord og uttrykk i Bibelen. Men i bibelordboka så vel som i Bibel-omsetjinga frå 1978/85, finn vi Jesaja i staden for Esaias, Jona i staden for Jonas. Kvifor kan vi ikkje framleis bruke norsk namneendring? Nokre spør slik, og vi har brukt spørsmålet vidare til omsetningssekretær Gunnar Johnstad i Det Norske Bibelselskap.

Meir lik grunnteksten

Johnstad fortel at i norsk og dansk omsetjingstradisjon har hebraiske namn hatt gresk form, som i Esaias, medan til dømes Efesus har hatt latinsk form. I nyare omsetjingar har ein gått bort frå dette prinsippet, og nyttar former som er meir lik grunnteksten. Det er i samsvar med språkbruk i moderne nyhetsreportasje. Nå heiter det Rhodos, medan bibelomsetjinga frå 1904/30 hadde Rodus. — Å bruke hebraiske og greske former er med på å gje større kulturkontakt med dei bibelske tekstene, seier Johnstad.

Framleis Moses

Esaias er derfor ikkje meir norsk enn formen Jesaja, som nå er nyttig, sjølv om den første formen er vel innarbeid og kjent, og også nyttig som norsk namneform. Likevel har ikkje Bibelselskapet ønskt å vere heilt konsekvent, dei har derfor framleis brukta formen Moses og ikkje Mose, Samuel i staden for Sjemul, Fillip og ikkje Filippos, og Matteus i staden for Mattaisos.

Krone og øre?

Når det gjeld attgjeving av bibelske mynt-, mål- og vekteiningar, er ønsket å få fram at hendingane Bibelen fortel om, ikkje har hendt i vår tid. Farisearane og saddukearane kan ikkje gjerast om til religiøse grupperingar i vårt land i dag.

— Hadde vi i likninga om den hardhjarta medtenaren brukta norske kroner som mål, hadde det forstyrra miljøarbeidet, meiner Johnstad. Heller ikkje er det lett å rekne om frå kurser den gong til dagens kurs i Noreg. Nokre gonger kunne ein nok ha brukta krone og øre, men på dette feltet har ein ønskt å vere konsekvent. (KPK).

Julefestar samlar framleis mange. Om ein større del av julefeiringa synest å vera før jul no, har ikkje julefestane falle ut. Her eit glimt frå festen for eldrea som Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd hadde i Betania 10. januar. Rundt 100 pensjonistar møtte fram.



KYRKJELYDSSKULEN VÅREN 1988

Samtalekveldar i Ytre Arna

Kyrkjelydsskulen innbyr til samtalekveldar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Tema for desse kveldane vil vera knytta til aksjonen «Bibelen open for alle». Vi held fram med tekstar frå Markusevangeliet, og alle er velkomne til å vera med. Samlingane tek til kl. 19.30. Ta med matpakke. Kaffi og te vert servert. Samlingane vert desse onsdagane: 27. januar 17. februar 16. mars.

GUDSTENESTEVERKSTAD

Dette er ei arbeidsgruppe som samlast i Kyrkjestova i Arna med sikte på at dei skal stå for planlegging og gjennomføring av ei gudsteneste. Gruppa tek sikte på 4 samlingar og dei vil og ta opp emne som har fått særskilt interesse i den seinare tida. Alle interesserte er velkomne til å mælda seg på som deltakarar i denne arbeidsgruppa. Møtedagar vert kunn gjort seinare, og program vert utlagt i kyrkjene.

Kurs for ungdomsleiarar

Arna kyrkjelydsskule i samarbeid med Ungdomsrådet i Arna kyrkjelyd vil denne våren skipa til et kurs for leiarar i ungdomsarbeid og anna foreningsarbeid. Kurset blir lagt opp som helgekurs med overnatting og 2 kurskveldar utanom dette.

Kurset er meint for noverande og framtidige leiarar og vil gje praktiske råd for arbeid i styre, planlegging av program, opplegg av møte og gruppearbeid.

Datoar vert kunngjort seinare, og påmelding vert ordna gjennom foreningane.

Det vert delt ut kursbevis for fullført kurs, og det vert og teke sikte på at nokon av kursdeltakarane får stønad til å reisa på sommarkurs.

MISJONSFEST

Den årlege misjonsfesten vert i Arna bedehus søndag 17.01.88.

Talarar vert misjonærane Åshild Mæstad og Ottar Hope. Arna Barnekantori syng, bevertning, misjonskollekt. Alle velkomne!

Statistikk

I kvar kyrkjelyd vert det ført statistikk over ei rekke ting. Av statistikken for 1987 tek vi med:

Tala for 1986 står i parantes).

Talet på gudstenester

Frammøtte ved alle gudstenester

Døype

Konfirmerte

Vigde i kyrkja

Gravferd

Utmelde or kyrkja

Innkome ved offer/kollekt


Av dei som har meldt seg ut av kyrkja har 2 i Arna og 3 i Ytre Arna meldt seg inn i eit anna kyrkjessamfunn.

I Trengereid kapell kom det inn kr. 11.512,- i offer dette året, medan talet for 1986 var kr. 8.677,50.

I Trengereid kapell har det vore 17 gudstenester, i Takvam kapell 2 (p.g.a at kapellet har vore ute av drift sidan påske), og på Haukeland/Unneland 2 gudstenester. I tala for Arna sokn er medrekna 2 gravferder og 2 dåp i Trengereid kapell.

Arna:	Ytre Arna:
84 (86)	57 (62)
17.556 (15.159)	4.264 (4.516)
107 (118)	12 (31)
147 (136)	57 (36)
32 (39)	5 (4)
62 (59)	17 (17)
6 (5)	5 (9)
196.231 (200.782)	49.078 (69.648)

Klart for kyrkjelydshus



Arna sokneråd gjorde i møte 6.1.88 vedtak om å starte bygging av kyrkjelydshus. På soknemøte ein månad tidlegare vart det tilrådd at bygginga kunne starta i 1. kvartal 1988, og det er det soknerådet har fylgt opp i sitt siste vedtak. Difor vil det truleg ikkje gå lang tid før gravinga tek til og det heile er i arbeid.

I første omgang er målet å få tett bygg og underetasjen ferdig slik at kyrkjegardsarbeidarane kan ta sine lokale i bruk.

I det siste er det og kome ein ny interessent inn som leidgetakar for noko over 100 m² i underetasjen. Det vert no ført forhandlingar om dette, og soknerådet ser ein slik leigeavtale

som ein vesentleg del av finansieringa av bygget. Utfallet av forhandlingane vil visa om det vert nokon leigeavtale.

På soknerådmøtet var det og lagt fram endra teikningar for disponeringa av underetasjen for å gje plass for leidgetakarar. Det medfører at eldresenteret vert flytta opp i første etasje, og vil få alt sitt areal på eitt plan. Det vert ei føremon for eldresenteret, og lokalet kan og verta brukt til kyrkjelydsaktivitetar på kveldstid.

Når det gjeld inngangspartiet til 1. etasje, er det truleg at det vert flytta frå aust til nord, og ein har no og fått ein plan for korleis områdt utanfor huset skal leggjast til rette.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertilf.

24 25 95

a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossqt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

Kranser Bårebuketter

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.
Transport med egen bil.
Annonser, sanger, sløyfer.
Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil – Båt og
varetransport



ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J.B. Myklestad.

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.
Hugs at vi har lavaste pris,
og det De kjøper her
kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Arnateit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje

- Jan. 17. 2. søndag e. Kristi openberringsdag. Tekst: Joh. 4.5-26.
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Red. Finn Jarle Sæle. Nattverd. Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy.
- Jan. 24. Vingardssøndagen. Tekst: Luk. 17.7-10.
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- Jan. 31. Såmannssøndagen. Tekst: Mark. 4.26-32.
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Trengereid kl. 16.30: FAMILIEGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø.
Kristi forklæringsdag. Tekst: 2. Mos. 3.1-6.
- Febr. 07. Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Takkoffer til Ungdommens misjonsaksjon.
Ytre Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bibelskapet.
- Febr. 14. Søndag før faste (Fastelavns-søndag). Tekst: Joh. 12.24-33.
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Dei fire diakoni-institusjonane. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste. Res.kap. Sundsbø.
- Febr. 21. 1. søndag i faste. Tekst: Matt. 16.21-23.
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernpet. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Blå Kors.
- Febr. 28. 2. søndag i faste. Tekst: Luk. 7.36-50.
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Trengereid kl. 11.00: Vikarprest Nils Aksel Mjøs.
- Mars 06. 3. søndag i faste. Tekst: Luk. 4.31-37.
Arna kl. 11.00: Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Øy. Takkoffer til Kristent innvandrararbeid. Nattverd.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5280 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein,

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsørar: Biørg Hellesøv.

Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5280 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 2: 20. febr.